

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/22	Kommunestyret	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø	FE-033	22/570

## Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni. Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

### Kommunestyret - 031/22 - 12.05.2022

#### KS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om innspel til politireforma. Kan ikkje venta fleire kontor, men at det er tilgjengeleg personell og at patruljane er synlege i distriktet.

Kommunedirektør ba om at ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni.

Ordførar Per Lerøy sa at regionen vil kommentera at kontoret på Hostelnd i praksis ikkje er bemanna, og at det gjev lang utrykkingstid til Gulen, Solund og Masfjorden. Må vera mogleg å ha kontor der, og etterforska saker andre stader. Slik kan ein få ned utrykkingstida til ytre deler av regionen.

Om ein hadde kontor i Austrheim så ville det gitt ein base å jobba ut i frå, om så at den ikkje alltid var bemanna. Kan gjerne vera saman med brannvesen og anna blålys. Politiet kan også spara ressursar, ved at det ikkje er personell frå Flesland som skal handtera mannskapsskift på Mongstad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det hadde vore naturleg med eit kontor i nordre delen av regionen.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ikkje er kontoret som er viktigast, som uansett vil vera lite bemanna, men at politiet er delaktige og synlege i miljøet

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig å spissa denne uttalen.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det innspelet som vert gitt, også er i tråd med politiet sine ønskje. Det er ting å ta fatt i for politiet, mellom anna med tanke på bilkjøring.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å gje ordfører og kommunedirektør fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni.

Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

**KS - vedtak:**

Ordfører og kommunedirektør får fullmakt til å skriva høyringsuttale til reforma innan fristen 1. juni.

Høyringsuttalen frå kommunen kjem som melding til kommunestyret.

**Saksopplysninger:**